

## **Medlemsmøte i KrF onsdag 9.11.11**

Det var god stemning på medlemsmøtet i KrF.

Gunnar Vetlejord, som var innbeden for å snakke om korleis valkampen hadde gått, konstaterte at vi hadde god grunn til å vere i god stemning etter det spesielt gode valresultatet. Han kom med gode råd om korleis vi må legge opp strategien vidare for å kunne gjere eit godt val i 2015. Innlegget til Vetlejord var ei oppfølging av det flotte kurset han heldt for fleire KrF-arar i juni.

Kveldens hovudtalar, Kristian Helland, kommenterte også i sitt innlegg valresultatet i Lindås. Han meinte og at Astrid har mesteparten av æra for at kommunestyregruppa til KrF har dobla seg etter valet. Han meinte at no må dei nye politikarane bygge ut kontaktar til fleire miljø og bli sterkare på område der KrF tradisjonelt ikkje har vore så framtrudande. Vidare understreka han kor viktig det er å halde god kontakt med lokallaget. Kristian Helland viste til slutt i sitt innlegg til Knut Arild Hareide sine 10 punkt som seier kva KrF vil satse på framover og som dei andre partia må ta omsyn til ved eit eventuelt regjeringsamarbeid.

Kari Skår Sørheim frå fylkeslaget oppmoda alle om å ”smi mens jernet er varmt” og verve nye medlemmer til partiet.